



Fylkesmannen i Sogn og fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Sakshandsamar: Annlaug Kjelstad *dir tlf:* 578 16123
Vår ref. AHK/08/636-22/K2-K12 *Dykkar ref:*

Dato: 04.12.2009

SØKNAD OM LØYVING TIL ENKLE TILTAK OG TILRETTELEGGING NÆR LANDSKAPSVERNOMRÅDET

Vi viser til møter og samtaler mellom kommunen og fylkesmannen si miljøvernnavdeling v/Nils E Yndesdal og Tore Larsen.

Naustdal kommune har fortstått det slik at det kan søkast om midlar frå tildelte forvaltningsmidlar i 2009. Torsdag 3. desember hadde grunneigarane og kommunen møte på Instedalen skule med følgande innkalling:

”Sakliste:

1. Informasjon om status forvaltningsplan og planlegging av mogelege tiltak i randområdet til verneområdet.

Målet med møtet er å einast om 1 eller fleire framlegg til tiltak i randområdet for verneområdet. Fylkesmannen har nokre midlar i 2009 som kan nyttast til tiltak som er i tråd med og støttar opp under vernevedtaket. Dette kan vere tiltak som t.d. opprustning av veg og parkeringsplass ved Vonavatnet, eller andre tiltak for tilrettlegging i området. Vi bør på møtet kunne formulere kva det er semje om kan omsøkast raskt og avklare tilhøve som treng godkjenning frå grunneigar e.a. Frå kommunen møter Henning Malones og underteikna. Ordføraren er også invitert og har engasjert seg i saka.”

Det møtte 13 av i alt 37 innkalla grunneigarar. I tillegg møtte dei nemnde representantane frå kommunen, også ordførar Håkon Myrvang. Av adresselista går det fram kven som stilte på møtet.

Det vart gjeve tilslutning til å sende følgjande søknad til Fylkesmannen :

- 1 : 100 % tilskot til kostnader med planering , noko grøfterensk og oppgrusing av parkeringsplassane :
- a) Ved Vonavatnet , på gnr. 125, bnr. 1 på 0.35 daa

b) Vinterparkeringsplassen ved Steinbakken på vegen opp til Vonavatnet, på 2,5 daa. Parkeringa er i dag opparbeida med grov grus/pukk. Samla kostnad : **kr 110 000.**

2 : 100 % tilskot til kostnader med skraping , grøfterensk , tilsyn og rensk av stikkrenner og oppgrusing av veg frå Steinbakken til brygge og parkering ved Vonavatnet. Nemnde veglengde er ca. 1450 meter og i samsvar med gjennomførte vedlikehaldstiltak på tilsvarende kommunale grusvegar i år og i fjor er kostnaden berekna til kr. 250 pr. løpemeter. Samla kostnad **kr 362 500.**

I møtet vart det diskutert om det var fleire brukarar som t.d hytteeigarar og besøkande som burde betale for bruk av veg og parkering. Sidan dette pr i dag er kommunal veg, kan ikkje ei avgift krevjast inn særskilt.

Det var semje om at grunneigarlag / jakt og fiskelag kan jobbe med slike spørsmål framover.

I overgangen mellom inn og utmark på Nes er det ei ferist i vegen. Kommunen uttrykte at vi har eit særleg ansvar for denne og tek kostnaden på kr. 40.000 for nødvendig arbeid med denne.

3 : 100 % tilskot til planlegging og prosjektering av gjerde og andre mindre tiltak ved parkeringa ved Vonavatnet. Kostnad **kr 10 000.**

Vonaplanen punkt 7 , Planinhald , tilrettelagt friluftsområde : *Området for naust, bilparkering, skiljegard og Rødekorshytta ved Vonavatnet kan gjerdast inne for å hindre bilskade på grunn av beitande dyr.*

4 : Planlegging , framtidig opparbeiding av parkeringsplassar på :

- a. På Reinen , gnr. 129 /2 : Norodd Bruflat.
- b. På Svorstøl , gnr. 126 / 1 : Inge Svorstøl.
- c. På Øyjord , gnr. 127 / 3 og eller 127 / 14. Svein Inge Svorstøl , Anne Marit Sørebø.
- d. På Teigen , gnr. 120 / 1 : Kjell Arne Teigen.

Samla kostnad er **kr 25 000.**

5 : 100 % tilskot til planlegging av landskapstilpassa traktorveg til Nesstølen , kostnad kr. 100.000.

Vonaplanen punkt 7 , Planinhald , Vegar : *Det er sterke grunnar for å byggje ein veg frå enden av bilvegen ved Vonavatnet til Nesstølen:*

- *Drifting av 1200 sau om våren og 1800 om hausten og tur og næringstrafikk (gangtrafikk) resten av året medfører ein stor belastning på myrområdet og elvedeltaet i austenden av Vonavatnet.*
- *Beitene i fjellområda aust for Vonavatnet er dei beste i Naustdal kommune. Gangtida frå bilveg ved Vonavatnet og fram til dei beiteområda som ligg lengst vekk er kring 6 timer.*
- *Strenge krav om betre tilsyn av dyr på beite og til betring av effektiviteten i landbruket gjer at tilgjengelegheta til beita dyr bør betrast.*
- *Ved fleire høve har det omkome dyr under driving gjennom myrområda mellom skiljegarden ved Vonavatnet og Nesstølen på grunn av vanskeleg terreng. Det er også eit problem at dyr stikk seg vekk frå drifta på denne strekninga.*

Dette tilseier at det er stor trøng for ein veg frå nausta ved Vonavatnet til Nesstølen.

Å få leia trafikken i ein fast trase utanom myrområdet og langs fjellfoten til Nesstølen vil vere til stort vern for naturmiljøet i elvedeltaet. – tilgjengelegheta til beiteområda ville bli lettare og tilsyn og heimsanking av dyr kunne gjennomførast på ein forsvarleg måte.

Vegen bør ha ein standard som gjer den køyrbar med traktor og mindre motorkøyretøy, og vere stengd for motorisert ferdsel for andre enn dei næringsdrivande i området.

Vegen bør gå i skoglia på sørsida av Vonavatnet og deretter langs fjellfoten til Nesstølen eller Krekøyna. Mest all trafikk blir dermed kanalisiert til denne traseen til stor besparing for naturmiljøet. Dette blir den einaste planlagde traktorvegen for sommarbruk i området.

I Forskrift om Verneplan for Naustdal – Gjengedal . Vern av Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde, FOR 2009-01-09 nr. 20 er denne vegen komen inn i forskriften.
I § 3 punkt 3.1.2 n står : *Bygging av ein enkel traktorveg til Nesstølen i Naustdal. Eit eventuelt løyve skal innehalde vilkår som gjev spesifikasjon for ei best mogeleg tilpassing til landskapet.*

På møtet i Instedalen 03.12.09 kom det fram forslag om ein mogeleg traktorvegtrase frå vinterparkeringsplassen ved Steinbakken , gjennom Sløkjene og til Nesstølen.

Om dette kan la seg gjere vil denne løysinga truleg vere betre for naturmiljøet langs Vonavatnet enn tidlegare skisserte trase.

Dette er noko som må sjåast på i det vidare planleggingsarbeidet.

6 : 100 % tilskot til ”repeatere ” på Sløkjerabbane. Mobildekninga er därleg i området og ein ”repeatere ” kostnadsrekna til **kr 190 000** vil betre sikkerheita for næringsverksemd og friluftsliv i området.

7 : 100% tilskot til planlegging av tilrettelagt sti til utes Vonavatnet og til bru over elva der, omlag som beskrive i Vonaplanen. **Kostnad kr 20 000.**

Vonaplanen , punkt 7 Planinnehald , Stiar / bruer :

Det bør tilretteleggast merka sti frå vegenden ved Vonavatnet til bru over Nausta nedanfor Utosen frå Vonavatnet. Brua bør utførast som gangbru med nok breidde til snøscooter (av Tryggleiksomsyn)

SAMLA SØKNADSSUM SPESIFISERT PÅ TILTAK :

1 :Planering , grøfterensk og oppgrusing av parkeringsplassar ved Vonavatnet og Steinbakken :	Kr. 110.000
2 :Vedlikehald av veg Steinbakken – Vonavatnet	Kr. 362.500
3 :Planlegging og prosjektering av gjerde ved parkering Vonavatnet.	Kr. 10.000
4 :Opparbeide parkeringsplassar på Reinen, Svorstøl , Øyjord og Teigen. Planlegging.	Kr. 25.000
5 :Planlegging av landskapstilpassa traktorveg til Nesstølen	Kr. 100.000
6 :Planlegging og oppsetting av ”repeatere ” på Sløkjerabbane	Kr. 190.000
<u>7 :Bru og sti ved utes Vonavatnet. Planlegging.</u>	<u>Kr. 20.000</u>

SAMLA SØKNADSSUM : kr. 817 500

Tiltaka er sett opp i den rekkefølgja det vart lagt vekt på frå frammøtte grunneigarar, men rekkefølgja vart ikkje gjenstand for avstemming. Det er likevel verdt å nemne at punkta 1,2, 3 og 4 heng saman og vart diskutert i samanheng. Kommunen ber om å få omdisponere mindre delar av eventuell tildeling mellom dei ulike tiltaka.

Med helsing

Annlaug Kjelstad
Rådgjevar plan og næring

Kopi til:

Harald Eikenes
Henning Malones
Håkon Myrvang

Postboks 43

6806 NAUSTDAL

Grunneigarar i Landskapsvernombret – adresseliste vedlagt